
Saksnr: 2020/68772-1
Saksbehandlar: Even Vaular
Dato: 31.08.2020

Til: Trafikktryggingutvalet (FTU)
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Oppfølging av tiltaka i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit 2018-2021 - første periode.

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 er ein fireårig plan for trafikksikkerheitsarbeidet i Noreg. Planen er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. Planen inneheld 136 målretta tiltak som skal bidra til å nå Stortinget sitt mål om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i vegtrafikken i 2030.



Figur 1: Tiltaksplanen inneheld 136 tiltak for betre trafikksikkerheit. Illustrasjon: Statens vegvesen.

I tråd med tiltaksplanen vert det kvart år laga rapportar som tar føre seg trafikksikkerheitsutviklinga. Rapporten som tar føre seg utviklinga per 2019 ligg no føre, og er vedlagt dette notatet. Som tiltaksplanen også føreset skal partane i samarbeidet rapportera på kordan ein ligg an med gjennomføring av alle dei 136 tiltaka halvvegs i planperioden. Status for oppfølginga av tiltaka er samanfatta i ein eigen rapport, som også er vedlagt notatet.

Trafikksikkerheitsutviklinga 2019

Figuren over syner at det i 2016 var 791 som vart drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Første etappemål er sett til 2022, med eit måltal om maks 550 drepne og hardt skadde. Ut frå måltala er det teikna ei målkurve, som gir oss ein peikepinn på kor me bør vera kvart år for å nå måla. Etter målkurva skulle det ha vore maks 640 drepne og hardt skadde i 2019. Fasiten syner 673 drepne og hardt skadde, fordelt på 108 dødsfall og 565 skadde. Talet drepne er det same som i 2018, og to fleire enn i 2017. Me ser derimot ein klar nedgang i hardt skadde på 37 frå 2018. Fjoråret er gledeleg nok det første året i «bilen sin æra» at ingen barn har omkome i vegtrafikken. Til

samanlikning omkom 103 barn i alderen 0-14 år i vegtrafikken i 1969. Dette illustrerer tydeleg kor langt me har kome i trafikksikringsarbeidet. For femte året på rad var Noreg i 2019 landet i Europa med lågast tal drepne i vegtrafikken, sett opp mot folketalet. Målretta og samordna innsats, og eit breitt og tydeleg engasjement for trafikksikring, er nok viktige faktorar. Den positive utviklinga må likevel ikkje takast for gitt. Den krev at me framleis forpliktar oss og følgjer opp trafikksikringsarbeidet. I andre europeiske land ser me døme på at utviklinga kan stagnera eller i verste fall verta negativ.

I tiltaksplanen er det sett ulike tilstandsmål. Det er definert 22 målindikatorar, dvs. indikatorar det er knytt mål til. Alle målindikatorane med måltal og utviklinga i 2018 og 2019 kan de sjå tabellen på s. 5-6. Tala for 2018 og 2019 syner at me på fleire område ikkje har sett den ønskete utviklinga. Me vil elles oppmoda utvalsmedlemmane til å setja inn i den vedlagte rapporten.

Statusrapport for oppfølging av tiltaka til Nasjonal tiltaksplan

For dei som ønskjer å gå endå meir i djupna, syner me til den vedlagte statusrapporten for oppfølging av tiltaka i den nasjonale tiltaksplanen. Av dei 136 tiltaka har fylkeskommunane ansvar for 16 tiltak, og ei rolle i ytterlegare to tiltak. Tabellen under syner desse tiltaka, med tiltaksnummer og kva innsatsområde dei høyrer til.

Fylkeskommunale tiltak i Nasjonal tiltaksplan for ts	
Belte i bil og buss og sikring av barn	
29	Fylkeskommunene og Oslo kommune vil gjennomføre tiltak for at barn er lovmessig sikret under skoletransport.
Barn og unge (0-14 år)	
41	Statens vegvesen, fylkeskommunene og storbykommunene skal gjennomføre fysiske tiltak for å motvirke ulykker med barn og unge på skoleveg.
43	Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdninger hos barn og unge.
Ungdom og unge førere	
53	Fylkeskommunene og Oslo kommune vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikksikkerhetsatferd hos ungdom i videregående skole.
54	Fylkeskommunene og Oslo kommune vil, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikksikkerhet i russetiden.
Gående og syklende	
71	Fylkeskommunene vil i perioden 2018-2021 til sammen tilrettelegge om lag 230 km fylkesveg for gående og syklende, hvorav 100 km i byer og tettsteder.
75	Fylkeskommunene vil, gjennom ulike tiltak og virkemidler, påvirke til økt bruk av sykkelhjelm og refleks.
Møte- og utforkjøringsulykker	
10 4	Fylkeskommunene vil, med bistand fra Statens vegvesen, gjennomgå fylkesvegnettet og plukke ut strekninger som er egnet for etablering av forsterket midtoppmerking ut fra gjeldende kriterier. Fylkeskommunene vil etablere forsterket midtoppmerkin på disse strekningene når de blir reasfaltert.
10 6	Fylkeskommunene vil igangsette et systematisk arbeid med sikte på at fylkesveger med fartsgrense 70 km/t eller høyere skal tilfredsstillе minstestandarden i NTP med hensyn til utforkjøring.
Trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner	
11 9	Fylkeskommunene vil oppfordre Ungdommens fylkesting og andre relevante medvirkningsarenaer til å arbeide aktivt med trafikksikkerhetsarbeid som er rettet mot ungdom.
12 1	Fylkeskommunene vil arbeide for at alle kommuner skal ha kommunale trafikksikkerhetsplaner.
12 2	Fylkeskommunene vil etablere en møteplass for erfaringsdeling og «best practice» for det fylkeskommunale trafikksikkerhetsarbeidet.
12 3	Fylkeskommunene og storbykommunene vil tilrettelegge for aktivt samarbeid mellom etater og organisasjoner for å forene krefter og arbeide målrettet med trafikksikkerhet på regionalt og lokalt nivå.

12 4	Fylkeskommunene og storbykommunene vil utarbeide planer og/eller strategier for trafikksikkerhet med god involvering og politisk forankring, og koble arbeidet til relevante nasjonale planer.
12 5	Fylkeskommunene og storbykommunene vil bidra til at trafikksikkerhet er tema i areal- og transportplaner for byområder som er aktuelle for bymiljøavtaler/byvekstavtaler, og at det fastlegges mål, strategier og tiltak for trafikksikkerhet.
12 7	Trygg Trafikk vil bidra til at fylkeskommuner kan godkjennes som Trafikksikker fylkeskommune
Oppfølgingstiltak der fylkeskommunene deltar uten å ha hovedansvaret	
Trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner	
12 0	Statens vegvesen vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og fylkeskommunene, revidere Håndbok V722 Kommunale trafikksikkerhetsplaner.
12 6	Trygg Trafikk vil, i samarbeid med fylkeskommunene, arbeide for at det per 1/1-2022 skal være 125 kommuner som er godkjent som Trafikksikker kommune og at allerede godkjente kommuner blir regodkjent.

Vedlegg

- 1 Trafikksikkerhetsutviklingen 2019
- 2 Statusrapport - Tiltakene i tiltaksplanen